

Russ

Russen feirar at dei snart er ferdige på skulen.

Dei har på seg drakter i ulike fargar. Dei vanlegaste fargane er raud og blå. Nokre er også svarte eller grøne.

Russen deler ut russekort til barna. På 17. mai prøver mange barn å samle så mange kort som mogleg.

Russen har også russeknutar. Det er morosame oppgåver. Når dei klarar ei oppgåve, får dei ein knute i lua.

Nokre russ har russebussar eller russebilar.



Spørsmål til teksten:

1. Kva feirar russen?

2. Kva fargar kan russen ha?

3. Kva er russeknutar?

4. Kva trur du er det beste med å vere russ?
